

Grunneigarar i Ommedal  
(underteikna)  
Hyen

18.03.2016

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Uttale til konsesjonssøknad, Ommedal kraftverk.

1: Før eventuell utbygging av Ommedal Kraftverk, må SFE påvise at dei eig fallrettane i Tverrelva. Grunneigarar i Ommedal har påpeika ovanfor SFE at Tverrelva ikkje var del av fallrettsoppkjøpet i 1958.

2: Vegar, inngrep og bruk av areal.

Utover spørsmål om plass til overskotsmasse, samt plass til rigging, kjenner vi ikkje til at det har vore dialog mellom SFE og grunneigarar om bruk, leige eller kjøp av grunn. I konsesjonssøknaden er bruk av støylsvegen nemnd. Der er også mellom anna planlagt nye vegar, nedgraving av rørgater, inntaksdammar, plassering av stasjon og utløp. Ulike avbøtande tiltak vil også vere aktuelle. Før eventuell utbygging må ein få på plass avtalar med grunneigarane om bruk, eventuell leige eller kjøp av grunn, samt avbøtande tiltak.

3: Minstevassføring.

Grunneigarane har nytta, og nyttar tverrelva til ulike føremål. Det kan nemnast at her tidlegare har vore ysteri og kvernhusdrift. Elva er framleis vassforsyning til klekkeriet, men også i bruk til andre føremål. Grunneigarane sin historiske og neverande bruk av elva må sikrast. I denne samanhengen trur vi omsøkt minstevassføring er for lite.

Tverrelva er eit viktig landskapselement i Ommedal. Godt synleg er den framleis, sjølv om det har vakse opp både granskog og lauvskog langs elva dei seinare åra. Men med oppgjeven minstevassføring vil elva truleg verte om lag «usynleg» i periodar med lite vassføring.

Langs store delar av støylsråsa, som slyngar seg langs gjølet, har ein utsyn nettopp over gjølet og elva. Ei viss vassføring er såleis avgjerande for den totale opplevinga når ein går den gamle støylsråsa.

4: Kulturminne.

Etter vårt syn er kulturminna for lite vektlagt i søknaden. Det ser ut som stasjonen og utløp er planlagt i same område som det tidlegare stod fleire kvernhus, og kor det enno er tufter etter desse. Sjølv om ingen brukar kvernhusa lenger, er dette området av historisk verdi. Ein

kan til dømes ikkje sjå vekk frå at nokon ynskjer å gjenreise kvernhusa som kulturminne og for historieformidling. Delar av kvernhusa finnast enno.

Støyrsråsa, som også er nemnd i pkt 3, er i konsesjonssøknaden (side32) nemnd som «..eit nyare tids kulturminne». Dette er den gamle og historiske vegen til Ommedalsstøylen, og er framleis i bruk. Den er såleis eit viktig kulturminne. Området rundt steinbrua ved Vesleelva (bilete side 33 i konsesjonssøknaden) er nok i ei særstilling. Vesleelva og bruva var den viktigaste kvilestaden både for folk og fe, då vi drifta dyra opp det bratte gjølet.

Buferdsdagen var dette ein stor milepål, då ein var kome opp forbi det stygge gjølet og dei bratte bakkane. Her endrar landskap og vegetasjon karakter.

Vi grunneigarar ynskjer, men er også pålagde å vedlikehalde råsa. Ved eventuell kraftutbyggjing må omsynet til støyrsråsa vektleggjast.

Til slutt ein merknad: På side 21 og 22 i konsesjonssøknaden er bilete og piler som syner «hovedløp» og «flaumløp» nedst i Tverrelva. Framstillinga synest rett no, men slik har det ikkje vore lenge. Der elva deler seg skjedde ei stor forandring etter isras og flaum våren 2011. Før denne tid var desse elveløpa omlag like. Det kan nemnast at her er planlagt utbetringstiltak.

Sivert Jan Ommedal

Magne Ommedal

Harald Ommedal

(alle med adresse 6929 Hyen)